



FINNØY KOMMUNE
kultur og omsorg (OKO-etaten) Oppvekst

Det Kongelige Barne- og Likestillingsdepartement
Pb. 8036 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 08/1328-3

Arkiv: H43

Dato: 18.12.2008

KRISESENTER - HØRING

366.0
19/12-08
200804147-17

Vi viser til brev datert 30.10.2008.
Her følger saksutgreiinga med vedtak:

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	16.12.2008	151/08	REV

Saksansvarleg Reidulf Vignes	Arkiv: K2-H43 Objekt:	Arkivsaknr 08/1328
---------------------------------	--------------------------	-----------------------

KRISESENTER - HØRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.10.2008	Det Kongelige Barne- og Likestillingsdepartement	HØRING - FORSLAG OM LOVFESTING AV KRISETILBUDET

Referanse. 200804147

Saksutgreiing:

Finnøy Kommune
kultur og omsorg (OKO-etaten) Oppvekst
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00
Dir.: 51714730
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195
Org.nummer: 938633029
E-post: post@finnoy.kommune.no
Heimeside: www.finnoy.no

Ein viser til vedlagde høyringsbrev frå Det Kongelige Barne og Likestillingsdepartementet om forslag om lovfesting av krisetilbodet i kommunane.

Som det går fram av høyringsdokumentet er dei oppgåvene som vert pålagt kommunane gjennom desse lovendingane omfattande og krevjande. Ordninga vert etter høyringsdokumentet organisert slik at kommunane sjølv kan velje om dei vil organisere eit eige tilbod, eller om dei vil delta i eit interkommunalt selskap. Også i høyringsdokumentet går det fram at svært mange av kommunane vil vere for små til å sjølv førestå drift av eige senter med døgnopen telefon og drift. Det går fram av høyringsdokumentet at finansieringa skal skje over ramma for kommunane i statsbudsjettet.

Vurdering:

Innleiingsvis er det både nødvendig og rett at det blir etablert krisesenterløysingar for alle kommunane i Noreg. Det er likevel noko underleg at staten vil gjennomføre dette med å tildele kommunane økonomiske ressursar for så å meine at dette skal gjennomførast i interkommunale selskap når det går fram av høyringa at svært mange kommunar er for små til sjølv å drifte eit slikt tilbod.

Det bør derfor etter vår meining vere slik at staten finansierer tilbodet i passande regionar utan først å overføre midlane til kommunane. At kommunane anten kan drifte sjølv, eller evt. Avgjere kven dei vil samarbeide med, ser vi ikkje er eit svært viktig punkt i denne saka. Det viktigaste er at dei som treng hjelp får kvalifisert hjelp.

Så langt har vår kommune ikkje deltatt i dette arbeidet, men med innføring av lova har vi to alternativ. Det eine er å delta i krisesenteret i Stavanger, og det andre er å etablere eit tilbod sjølv. Når det gjeld krisesenteret i Stavanger er det i dag delvis statsfinansiert og dekkjer stort sett heile nordjæren. For oss i Finnøy vil det være naturleg å delta i dette senteret. Ut frå rådmannen sitt syn burde dette senteret vore statsfinansiert, og at det dekkja dei kommunane som naturleg soknar til Stavanger. Uansett er vi for små til å etablere noko sjølv, og om vi får tilført midlar frå staten til å delta i dette senteret, eller om staten finansierte tilbodet direkte, burde det vere det same for krisesenteret.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:


Formannskapet i Finnøy vedtek følgjande høyringsuttale:

Finnøy kommune meiner at døgnopne krisesenter er eit godt og nødvendig tilbod. Finnøy kommune meiner at slike krisesenter bør vere finansiert over statsbudsjettet. Dersom finansieringa skal gå over kommunebudsjetta, må staten kompensere tiltaket 100% i rammeoverføringa til kommunane.

FSK-151/08 VEDTAK 16.12.2008:

Samrøystes som innstillinga.

Med helsing



Reidulf Vignes
kommunalsjef